

ARENA STRYN – FINANSIERINGSPLAN/eks m.v.a

<u>Kostnader</u>	<u>Alternativ 2 - to etasjar</u>
Del 1: Fleirbrukshall	24.500.000,-
Del 2: Basishall	20.000.000,-
Del 3: Idrettsbygg	18.200.000,-
TOTAL KOSTNAD	62.700.000,-
Finansiering	
Spelemidler	15.500.000,-
Dugnad	1.500.000,-
Lånefinansiering	10.000.000,-
Egenkapital	18.500.000,-(inkl. 3.700.000)*
TOPPFINANSIERING	17.200.000,-
Total finansiering	62.700.000,-
Plan for å klare toppfinansieringa:	
Stryn kommune	5.000.000,- (innvilga)
S&Fj Fylkeskommune	8.700.000,-
Bankar, stiftelsar, lokalt næringsliv, medlemmer	3.500.000,-
TOPPFINANSIERING	17.200.000,-

Stryn 02.06.2015

Kjell Opheim

*Verdi av kommunal grunnavståing

Arena Stryn**Driftskostnader**

Renter lån 10 mill 3,5%	350.000,-
Renter lån 4.mill 3.5%,rest gammalt lån	140.000,-
Renter lån 15,5 mill, spelemidler 3,5%	542.500,-
Totale årlege rentekostnader dei 3 første åra inntil spelemidlar er innløyste	1.032.500,-
100 % stilling, samordning med Strynehallen	550.000,-
Straum	150.000,-
Vask/ reinhold garderober/fellesareal	130.000,-
Basishall/fleirbrukshall dugnad	
Vedlikehald/ drift	150.000,-
Diverse	50.000,-
Årlege kostnader dei 3 første åra	2.062.500,-
Inntekter	
Andel vaktmesterstilling Strynehallen	200.000,-
Leigeinntekter treningssenter	800.000,-
Inntekter egne arrangement	200.000,-
Utleige trening eksternt	175.000,-
Utleige internt ST&I	470.000,-
Reklameinntekter	200.000,-
Hovedlaget sin andel - sjå egne oppsett	200.000,-
Totale inntekter	2.245.000,-
Resultat	182.500,-

Frå år 4 kjem avdraga inn i bilete. Låneopptak på 10 mill + eldre lån 4mill, totalt 14 mill gjev slikt resultat :

Avdrag årleg : 14.000,000 : 25 år	560.000,-
Renter : 3.5% x 14.000.000,- = 490.000 :2 =	245.000,-
Totalt årleg etter anuitetsnedbetaling	805.000,-

Frå 4.året har vi betra resultatet renter/avdrag med :

Årlege renter dei 3 første åra	1.032.500,-
Renter og avdrag frå år nr 4	- 805.000,-
Resultat - innsparing	227.500,-

Kommentar til utrekningane :

Ovanstående oppsett er berekna utifrå signal som tilseier raskare utbetaling av spelemidlar (jfr. møte i Førde 23.04.15.)

Dette medfører ein langt betre økonomisk situasjon frå år nr.4. Då fell etter dette oppsett bort kr 525.000,- i reine renter, avløyst av nytt oppsett frå år nr 4 som gjev eit resultat på kr 227.500,-.

Når det gjeld utleige internt (ST&I), må ein vere klår over at fotballen åleine betalar i dag over kr 300.000,-. Dette gjeld kostnader med lån, kommunale avgifter inkl. vassavgift og forsikringer av alle anlegga. Friidretten ca 50.000,- for Delanlegg friidrett.

Frå tidlegare har vi teke bort inntekter frå Stryn Vidareg.skule med kr 300.000,-. Vi vel å vere optimistar på skulen sine vegne, og då bør også her ligge ein reserve.

Det er også verdt å nemne ein reserve på ca kr 300.000,- på konto. (restsum av tidlegare utbetalt momskompensasjon)

Samanlikna med andre anlegg meiner vi at våre budsjett er realistiske og gjev eit rett bilete av våre utrekningar.

Utifrå undersøkingar frå andre idrettslag med omsyn til kontingentar, har vi på denne bakgrunn berekna ei heving av vår medlemskontingent på 30%, noko som samsvarar med auka fasilitetar eit nytt anlegg kan tilby.

Vi ser heller ikkje bort i frå at visse justeringar også må gjerast når det gjeld treningskontingentar. Dette blir det likevel opp til den einskilde gruppe å ta stilling til. For høge kontingentar kan for nokre skape problem, men vi er også kjend med at Regjeringa har opna for ei tilskotsordning som skal ivareta born/idrettsungdom for at desse ikkje skal falle utanfor p.g.a. dårleg økonomi.

Å kome noko nærare når det gjeld kostnader/ inntekter er vanskeleg på dette tidspunkt. Vi meiner likevel at denne presentasjonen bør vere eit rimeleg godt grunnlag for kommunen i den vidare sakshandsaming.

Stryn, 08.05.15.

for ST&I

Jonn Beinnes